

Styremøte i Norsk Spaniel Klub avdeling Sogn og Fjordane



14. november 2021 i Gaupne frå kl. 12.00 til 15.00

Til stades: Inger Handegård, Hilde Rotihaug, Linn Didriksen Solsvik (vara)

Meldt fråfall: Laila Røneid

Nr	Gjennomgang av saker frå forrige møte	Kven gjer kva når
	Referatet frå forrige møtet vart godkjent	Inger sender referatet ut til medlemmene
26/20	Dommarseminar ettersøk/samling på Skei Me har dommarsamling 6. februar på Skei i samband med årsmøtet.	Hilde jobbar framleis vidare med dette
22/21	Rallystevnet 2-3 oktober i Årdal Knappe 30 påmeldt begge dagar.	Laila kjem med referat på neste møte
23/21	Utstilling 9 oktober på Skei 35 hundar påmeldt, 4 rasar, 1 kvelp	Laila/Inger kjem med referat på neste møte
24/21	Rally-online-nybegynnarkurs med rekruttstevne 23 med i gruppa – 3 sendte inn videoer til rekruttstevnet. Kurset opnar no opp for alle dei som alt er med pluss alle medlemmer i avdeling S og Fj. Det vert lagt inn små baner/kombinasjonar som alle kan legge inn video på og få kommentarar på.	Inger sender ut rosetter når kvelpar er levert. Inger har ansvar og sender ut info til medlemmene saman med anna medlemsinfo.
26/21	Me treng fleire til å hjelpe til for å kunne oppretthalde aktiviteten Me treng lokale krefter for å få til meir aktivitet fleire stader.	Dette er ei oppfordring til ALLE medlemmer i avdelinga
27/21	Julenummeret Våre Spaniels Årsmøtet, aktivitet 2022, utstillinga, rallystevnet.	Vart sendt inn av Inger og Laila
	Nye saker	
	Orienteringssak NKK har enno ikkje opna opp for søknad av prøver for 2022.	
28/21	Årsmøtet med fagdag 6. februar 2022 på Skei Laila har bestilt møterom på Skei hotell. Fagtema vert blodspor og fersksporprøvar – sett med dommaren sine auger. Dommarane våre presenterer det dei vil. Medlemmene får høve til å få svar på spørsmål – men desse må vera sendt styret seinast 14 dagar før møtet slik at dommarane får tid til å forberede seg og å avklare kven av dommarane som får ansvar for å svare på dei ulike spørsmåla.	Heile styret. Hilde har ansvar for dommarsamlinga.
29/21	Online kvelpkurs Linn har lyst å starte opp dette. Det vert oppretta gruppe pluss sendt ut invitasjon til medlemmene. Alle medlemmer med kvelpar under ca. 6 månader kan delta og i tillegg kan medlemmer som har hatt kull i 2021 med kvepar i passane alder, invitere kvelpkjøparane sine til å vera med – sjølv om kvelpane er busett i anna del av landet.	Inger opprettar gruppa. Linn har hovudansvar og Inger hjelper til.
30/21	Online sporkurs Hilde vil starte dette til våren. Me har så lange reiseavstandar at fysiske samlingar for alle medlemmer er utfordrande.	Hilde våren 2022
31/21	Økonomi – status Inger orienterte. Akkurat no har me bra med pengar på konto, men det er ikkje betalt ut dommarhonorar for sporprøvene på Eid og på bevegelege sporprøvar og ikkje betalt Sunnfjord hundeklubb for utgifter i samband med utstillinga i oktober.	Inger prøver å halde google skjemaet som styret har tilgang til oppdatert

Neste styremøte: Dato er ikkje satt.

Laila kallar inn og lagar arrangement.